Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Vår dato: 23.05.2022

Vår ref: 2022/2126

Dykkar dato:

Dykkar ref:

School of Biological Sciences, University of Aberdeen
Att: Nicky Lustenhouwer

Saksbehandlar, innvalstelefon
Bjarne Otnes, 71 25 85 75

Dispensasjon for å samle inn kystvannymfe Ischnura elegans i Hopavassdraget naturreservat, Midt-Smøla naturreservat og Fløtjønna naturreservat

Statsforvaltaren viser til søknad 27.04.2022 frå Nicky Lustenhouwer ved School of Biological Sciences, University of Aberdeen.

Søknaden
School of Biological Sciences, University of Aberdeen søker om dispensasjon for innsamling av kystvannymfe *Ischnura elegans* i Hopavassdraget naturreservat, Midt-Smøla naturreservat og Fløtjønna naturreservat. Formålet med prosjektet er å undersøke utbreiing og spreiing av kystvannymfe langs eit transekt frå Stavanger til Trondheim. Universitetet har tidlegare studert tilsvarande transekt i Skottland og Sverige.

Innsamlinga vil skje med insekthov i vasskanten i reservata. Førekomstar av kystvannymfe og andre vannymfer vil bli registrert, og om lag 20 kystvannymfer vil bli samla inn for analysar. Øvrige vannymfer/insekt vil bli sett fri att.

Lovgrunnlag
I verneområda er alt dyreliv freda mot skade, øydelegging og unødig forstyrring, jf. § 3-2 i dei respektive verneforskriftene.

Statsforvaltaren kan gi dispensasjon frå verneforskriftene dersom det ikkje strir mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig, jf. § 48 i naturmangfaldlova (nml). Søknaden må også vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7. Prinsippa omfattar vurdering av kunnskapsgrunnlag (§ 8), føre-var-omsyn (§ 9), samla belastning (§ 10), kostnader for å hindre skade på naturmangfald (§ 11) og miljøforsvarleg teknikk/driftsmetode (§ 12).

Verneområde	Verneformål
Hopavassdraget naturreservat	Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som inneheld trua og sårbar natur i form av eit tilnærma urørt og nasjonalt verdifullt våtmarksområde med vassdrag og myr på kysten, med naturleg tilknytt plante- og dyreliv, og økologiske funksjonar. Zoologisk har området spesiell verdi som hekkeområde og trekk- og overvintringslokalitet for ei rekke fugleartar. Området har og mye oter og er eit godt fiskevassdrag. Botanisk er naturtypane knytt til utløpet, og elva er vurdert som viktig i eit intakt kystvassdrag. Vidare er dei velutvikla og intakte høgmyrene vurdert som svært viktige. Området har pedagogisk og vitskapleg interesse.
Midt-Smøla naturreservat	Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som inneheld trua og sårbar natur i form av eit tilnærma urørt og internasjonalt verdifullt våtmarks- og myrområde, med naturleg tilknytt plante- og dyreliv, og økologiske funksjonar. Zoologisk er det spesiell verdi knytt til området som hekkeområde og trekk- og overvintringslokalitet for ein rekke fuglearter. Botanisk er området svært viktig med store intakte høgmyrar, kalkrike enger, kystlynghei, kalksjøar, kalkrike kjelder/bekker og rikmyr. Området har også vitskapeleg og pedagogisk interesse.
Fløtjønna naturreservat	Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit tilnærma urørt, internasjonalt verdifullt og svært rikt våtmarksområde, med naturleg tilknytt plante- og dyreliv og økologiske funksjonar. Spesiell verdi er knytt til området som hekke-, beite-, trekk- og overvintringsområde for ei rekke fugleartar. Området inneheld sjeldan og sårbar natur, og særleg naturtyper i fjæresonen og undervassenger har høg verdi.

Statsforvaltaren si vurdering
Kystvannymfe er ein vanleg art langs kysten, og har status livskraftig (LC) i raudlista. Vi kan ikkje sjå at vitskapleg innsamling av 20 individ på kvar lokalitet er i strid med verneformålet eller vil påverke verneverdiane i reservata. For andre insektartar legg vi til grunn at dei vil bli sett fri etter registrering, og at det ikkje innverkar på verneverdiar knytt til desse artane. Det er sett vilkår om at alle funn blir registrert i Artsobservasjoner, og prosjektet kan slik auke kunnskapsgrunnlaget om artsmangfaldet i områda. Vi kan ikkje sjå at innsamlinga gir nemneverdig auke i samla belastning på verneområda, eller på førekomstar av aktuelle insektartar lokalt, regionalt eller nasjonalt, jf. nml § 10.

Statsforvaltaren ser på kunnskapsgrunnlaget som godt (nml § 8) , og føre var-prinsippet får ikkje vekt (nml § 9). Vi kan ikkje sjå at prosjektet inneber behov for særskilte vurderingar knytt til nml §§ 11 og 12.

Vedtak
School of Biological Sciences, University of Aberdeen får dispensasjon til å samle inn kystvannymfe *Ischnura elegans* i Hopavassdraget naturreservat, Midt-Smøla naturreservat, og Fløtjønna naturreservat. Heimel for vedtaket er § 48 i naturmangfaldlova.

Vilkår
- Alle artsfunn skal registrerast i artsobservasjoner.no.
- Løyvet gjeld for feltsesongen 2022.
- Ein kopi av løyvet skal vere med i felt for å vise fram ved kontroll.

Klage på vedtaket
Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan tre veker frå det er mottatt. Klagen må vere grunngitt, og skal sendast til Statsforvaltaren. Miljødirektoratet avgjer

klagen dersom Statsforvaltaren opprettheld vedtaket. Reglane om klage på vedtak går fram av kapittel VI i forvaltningslova.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
assisterande miljøverndirektør

Bjarne Otnes
fagleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

SMØLA KOMMUNE	**Postboks 34**	**6571**	**SMØLA**